



IArkivsak-dok. 17/14810-3
Sakshandsamar Jorid Heie Sætre

Saksgang
Hovudutval for samferdsel

Møtedato
12.12.2018

Høyringsuttale - Regional transportplan for Vestfold

Forslag frå fylkesrådmannen:

Telemark fylkeskommune sluttar seg til forslag til regional transportplan for Vestfold. Dei to fylka har felles interesser i utbygging av InterCity for å sikre eit betre togtilbod. I Vestfold er E18 og hovudvegssystem på plass, her har Telemark større utmaningar. Begge fylka har høg del av reiser med bil, men er i ulik posisjon når det gjeld bypakke og opning for byvekstavtale. Det gir stort potensiale for å dra nytte av kvarandre sin kunnskap og erfaring på ulike område i eit nytt fylke.

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget i Vestfold handsama høyringsforslaget til Regional transportplan 27. september 2018. Frist til uttale er 3. desember 2018. Regional plan for berekraftig arealpolitikk (RPBA) og regional plan for folkehelse i Vestfold 2018-2030 (RPFH) blei handsama 21. juni 2018. Høyringsfristen for RPBA og RPFH er utsett til 3. desember, slik at dei tre planane kan sjåast i samanheng. Telemark fylkeskommune sin uttale til RPFH blei handsama av hovudutval for kultur, idrett og folkehelse i møte 18. september 2018, sak 57/18.

Saksopplysningar:

I forslag til transportplan blir det peika på at arealutvikling vil påverke framtidig transportbehov, og motsett. Som regional utviklingsaktør ønskjer Vestfold fylkeskommune å påverke og legge føringar for korleis kommunane skal innrette planlegginga si for ei berekraftig byutvikling, der transportløyisingar og tilbod er ein viktig faktor. Aktiv transport, god mobilitet og universell utforming har tyding for folkehelse, og vil legge til rette for deltaking i samfunnet med like premiss. Saman med RPBA skal den regionale transportplanen ivareta statens krav til samordna areal og transportplanlegging. Samstundes gjer miljøvenleg mobilitet byar og tettstader meir attraktive, både som bustad, å arbeide i og å besøke. Samfunns målet for planen er *«Et miljøvennlig, sikkert og effektivt transportsystem som fremmer folkehelse, by- og tettstedsutvikling, næringsutvikling og en berekraftig utvikling.»*

Under kapittel om utmaningar for Vestfold vert det peika på at gode kommunikasjonar er viktig for regionforstørring og vekst. Jernbanen med InterCity utgjer ryggraden i kollektivsystemet i Vestfold. Utbygging av dobbeltspor i Vestfold legg grunnlag for eit betre og robust togtilbod både mellom byane i Vestfold, mot Oslo og Grenland, særleg når Eidangerparsellen no er opna. Togstasjonar må få ei sentral plassering i byane for å sikre størst kundegrunnlag. I sentrum er det korte avstandar til arbeidsplassar, andre sentrale funksjonar og lokalt kollektivtilbod. For å få til ønskja byutvikling og fortetting er det viktig å avklare planar for trasear og stasjonar så raskt det går. Det blir peika på at byar i Vestfold

konkurrerer med andre byar langs InterCity om investeringsmidlar, og at framdrift er viktig for løyvingar i nasjonal transportplan (NTP). Det vert og framheva at styrking av togtilbodet sørover mot Telemark, spesielt ein tidigare morgonavgang, er viktig i samband med fylkessamanslåinga for å tilby god arbeidspending med tog.

Vegtrafikken står for 40 prosent av klimagassutsleppa og reisevaneundersøkingar visar at 68 prosent av alle reiser i Vestfold skjer med bil. Personbil har mange fordelar for den enkelte, men skapar kø og press på vegnettet, lokal luftforureining og støy, som reduserer framkome og andre kvalitetar. Auka vegkapasitet generer meir biltrafikk, slik at utmaninga er å gjere det meir attraktivt å reise kollektivt, sykle og gå, samanlikna med det å køyre privatbil. Dette vil frigjere vegkapasitet for næringstrafikk og dei som er avhengige av bil. Ny teknologi gir moglegheiter ved fornybare drivstoff og automatiske system.

I tillegg peikar forslag til transportplan på at det er viktig å sikre tilgang til Torp flyplass med offentleg og privat transport. Vestfold har og hamner som betener område langt større enn Vestfold. Begge har behov for investeringar i infrastruktur for å sikre god tilgjenge. Samstundes er nullvisjonen med null drepne og hardt skadde i trafikken lagt til grunn for planen, som betyr at trafikktryggleiken må styrkas når fleire skal gå og sykle. Endringar i klima medfører auka nedbør og difor strengare krav til vedlikehald og utbetringar for å stå imot dette. Til saman er det eit stort behov for ressursar til å utvikle transportsystemet, medan midlar er avgrensa. Dei fleste investeringar lar seg ikkje løyse utan bompengar. For byområda peiker NTP på etablering av bypakker og forpliktingar gjennom byvekstavtaler for å møte framtidens transportbehov. Nullvekstmålet om at trafikkvekst i byane skal skje ved at fleire går, sykklar og reiser kollektivt har difor vore ei viktig føring for planforslaget, for å komme i posisjon til å forhandle om byvekstavtale, som føreset etablering av bypakke med bompengar for å finansiere tiltaka.

Utover dette inneheld planen analysar og vurderingar innan ulike transporttema, og generelle strategiar og retningslinjer for regional utvikling og måloppnåing. Forslag til transportplan har og eit handlingsprogram der døme på tiltak er samhandling, bistand til utarbeiding av gatebruksplanar, mobilitetsplanar og strategiar for parkering, gåing og sykling, samt arbeid for bypakker og byvekstavtaler for Larvik og Tønsberg. Andre tiltak omhandlar bistand til utarbeiding av heilskaplege planer for knutepunkt på InterCity.

Vurdering frå fylkesrådmannen:

Forslag til regional transportplan for Vestfold gjev ei grundig innføring i Vestfolds utmaningar og behov. Begge fylka har relativt store klimagassutslepp frå vegtrafikk og høge andelar av reiser skjer med personbil. Planen peiker på at arealutviklinga er ein av dei viktigaste faktorane som vil påverke framtidens transportbehov og transportløyisingar, som og er framheva i regional plan for samordna areal og transport i Telemark, ATP Telemark, og i forslag til klimaplan for Telemark som er ute på høyring. Mål og ønska utvikling i byane i Vestfold samsvarar i stor grad med byområdet Grenland. Mål i ATP Telemark om å *effektivisere transportsystemet, for meir miljøvenleg transport, god forvaltning og god framkome* er ikkje ulikt Vestfold sitt samfunns mål i høyringsforslaget.

Det er og ulikheiter mellom fylka. I Vestfold er hovudvegen E18 ferdig utbygd, og togtilbodet på InterCity er ei viktig hovudfartsåre mellom alle byane. I Telemark er forfallet på fylkesvegnettet ein stor utmaning, medan ein allereie har erfaring med bypakke og forhandlingar om byvekstavtale vert førebudd.

Forslag til transportplan for Vestfold gjev gode føringar og tiltak for å dekke framtidens behov og auke framkome og attraktivitet. Fylkesrådmannen sluttar seg til planen som den er lagt fram og ser fram til å lage nye felles planar for det nye fylket.

Utrykt vedlegg:

<https://www.vfk.no/meny/vi-utvikler-vestfold/regionale-planer/regionale-planer-pa-horing/>